



## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	Gbnr-56/1, FA-K46	22/578

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2023	Teknisk utval	PS	22.08.2023

### Søknad om godkjenning av vald - Kjetland 56/1

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Søknad-Kjetland-56-1

Vedk eige jaktfelt - Kjetland - gbnr 561 (L)(230289)

##### Dato

12.09.2023

14.08.2023

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0061 Kjetland. Kjetland vert godkjent som eige vald med 1800 daa teljande areal.

**Grunngjeving:** Søknaden er i tråd med teljande areal som minst tilsvarer minstearealet for vedkomande hjorteviltart, for minsteareal for hjortevald, og forskrift om forvaltning av hjortevilt.

**Heimel:** forskrift om forvaltning av hjortevilt § 11

#### Saksopplysningar:

##### Fakta

Midtre Haugsdal søkte også om endring av valdet i 2022 og Kjetland 56/1, vert delt frå dette valdet. Alle grunneigarane var samde om løysinga med underskrift frå samtlege jaktrettshavarar. Kommunen har digitalisert alle valda i kommunen, og ein finn desse på Nordhordlandskart. Både Midtre Haugsdal og Kjetland 56/1 vert godkjendte likevel som omsøkt. Masfjorden kommune har i søknaden fått tilsendt kart med grenser som viser avgrensing til valdet. Dette vert lagt inn i Nordhordlandskartet når søknaden er godkjent.

Begge omtalte vald ligg i hjorteviltregisteret og tildelingane er sendt i samråd med tildelingsvedtak i TU (TekniskUtval), mai 2023.

Etter møte med Albert Kjetland sumaren 2022 prøvde ein å teikna inn ca kor grensene går.

I hovudsak langs Daleelva. Me viser til innsendt kart av to jaktfelt, men her er det jaktfelt 1 som syner omsøkt vald, sjå vedlegg. Ein godkjenner 1800 daa teljande areal, då her er delar i felleseige som

reknast med. Må også syna til tidlegare politisk vedtak der teljande areal over 600 moh ikkje reknast med i denne delen av kommunen.

#### Krav til vald for jakt på elg, hjort og rådyr

Valdet skal være sammenhengende og ha en avgrensning som gjør det egnet til jakt på elg, hjort og/eller rådyr. Valdet må omfatte et tellende areal som minst tilsvarer minstearealet for vedkommende hjorteviltart. Valdet kan i tillegg omfatte annet areal enn tellende areal. Jaktrettshaverne skal oppnevne en valdansvarlig representant som opptrer på vegne av valdet overfor kommunen.

Ein viser til § 1. i nemde forskrift. Formål: *Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og bærekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser forsvarleg jakt.*


#### Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

##### *§ 11 Godkjenning og endring av vald*

*Kommunen skal behandle søknad om godkjenning av nye vald eller endringer i eksisterende vald for jakt på elg, hjort og rådyr innen 15. juni.*

*Jaktrettshaver som ønsker å trekke en eiendom ut av et godkjent eller omsøkt vald, skal melde dette skriftlig til valdansvarlig representant med kopi til kommunen senest 1. april. Utmelding krever underskrift fra den eller de som lovlig representerer eiendommen.*

*Dersom valdets grenser, eiendomsforhold eller tellende areal endres, skal valdansvarlig representant melde endringene skriftlig til kommunen innen 1. mai for ny godkjenning.*




Mottatt kart i søknad om vald/jaktfelt 4634V0061 Kjetland.



Vald/jaktfelt 4634V0061 Kjetland, grensen følger Daleelva opp til Dalesetret der elva deler seg i tre.





Grensene for vald: **Kjetland 56/1**

## **Teknisk utval - 020/2023**

### **TU - behandling:**

Saka vart drøfta.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **TU - vedtak:**

**Masfjorden kommune ved TU (Teknisk Utval) viser til mottatt søknad med vedlegg og godkjenner oppretting av Vald 4634V0061 Kjetland. Kjetland vert godkjent som eige vald med 1800 daa teljande areal.**